


# Ein medvandrar i sorg og krise

**Stord (Diakonos):** – Dersom diakonien blir usynleg, får vi ei livsfjern kyrkje. Diakonien må vera til stades og møte den enkelte der den enkelte er, på ein livsnær måte – da blir heile kyrkja livsnær.

*I dag er det roleg og uten dramai  
Vestlands-fjordane ved Stord,  
der soknediakon Øyvind Heggland  
har hatt så mange oppdrag der  
medmenneske har vore i sorg og krise.  
(foto: Inge Grøslund)*



Av Inge Grøslund

Dette meiner soknediakon Øyvind Heggland (43) på Leirvik på Stord. Hans røynsle som «medvandrar», som han kallar det, er vidtfemnande. Han har stått sentralt i arbeidet med ei rad katastrofer som har ramma Stord-samfunnet og har vandra med mange medmenneske i sorg og fortviling. Han er ikkje i tvil om diakoniens viktige funksjon i kyrkje og storsamfunn. Han konstaterer at «alle» i kyrkja seier ja til diakoni. – Men kvifor har vi ikkje da fleire diakonar i kyrkja, organisasjonar (kristenliv) og institusjonar. Ofte kan ein høyra ja til diakoni, men tja til diakonen, seier Heggland mellom anna.

## Mangfoldig

Han har si diakonutdanning frå Diakonhjemmet i Oslo, og likeså administrasjons- og leiarutdanning. I tillegg har han tatt veilederutdanning og er i ferd med å avslutte familierapiutdanning.

Har arbeidd eitt år på Diakonhjemmet som sjukepleiar. Stillingen som soknediakon har han hatt sidan den var nyoppretta i 1994. Før dette var han seks år avdelings- og oversjukepleiar ved sjukehuset på Stord.

Segling og båtliv er noko for Øyvind, det ligg vel til rette for her på Stord, med den vakre Sunnhordlandsnaturen, som går frå skjærgarden i vest til Hardangerfjorden der Folkefonna ruvar. Å bruke vinden til framdrift i ein liten båt i den store naturen gjer at ein kjem nærare skaparverket. Såleis og når ein vandrar i fjellet, tykkjer Øyvind Heggland som gjerne går frå hytte til hytte på Hardangervidda – og når det klør for mykje i fingrane likar han seg som hobbynikkar.

Øyvind Heggland har ikkje berre formell utdanning. Hans utdanning i livets skole er solid. Sjå berre her:

## Kriser

26. november 1999 da hurtigbåten Sleipner gjekk på skjæret Blokso mista 16 menneske livet. – Som diakon er eg med i kriseomsorgsgruppa i Stord kommune, og eg vart leiar av den gruppa som skulle arbeide med Sleipner-katastrofen. Vi møtte på lensmannskontoret. Vi visste ikkje kor hardt Stordsamfunnet var ramma og kunne ikkje vite frå byrjinga kva vi skulle ta til med. Eg tilrådde at vi oppretta eit mottaks-senter i Stord rådhus. Dette ville gi oss oversikt over kven som kom, kva tilstand dei var i, tal på omkomne, overlevande osv. Like etter fekk vi vite at lasteskipet Askita var på veg inn til Stord med 24 overlevande. 22 av desse var tekne inn på rådhuset, dei kom i klede dei hadde lånt av mannskapet på lastebåten. Alle hadde vore i sjøen.

På eit mottakssenter handler det om registrering, mat, drikke, kontakte familie, omsorg og alt det praktiske. Mellom dei mange ting vi gjorde den natta var å dele dei overlevande i mindre grupper. Der fekk dei for første gang høve til å snakke om kva dei hadde vore gjennom, kva som skjedde og korleis dei opplevde ulykka.

Neste dag tok vi kontakt med alle, og vi alle fekk høve til igjen å møtast og samtale med oss i teamet og med kvarandre. Det er ein ide i folkepsykologien at det skal gjera så godt å berre snakke om det vonde. Men skal dette vera til nytte må ein óg snakke om korleis ein meistra det ein har vore gjennom. Det er viktig å snakke om korleis ein har klart seg, korleis ein har meistra situasjonen, kaoset, kulden, sjøen, diesellukta osv. Mange fortel da at dei heile tida hadde von om å klare seg, medan mange og fortel at dei byrja tru at livet var over.

Sleipnerulykka er berre ei av dei store kriser og katastrofer Øyvind Heggland har arbeidd med dei siste åra. Han kom til å verta heilt sentral i samband med Norneulykka i 1997, da 12 personar omkom i ein helikopterstyrt i Norskehavet. 10 av

dei omkomne var knytt til Aker Stord. I 1998 skjedde tre dramatiske ulykker i Stord-samfunnet, da to ungdommar på 19 år omkom i ei bilulykke, ein 6 år gammal gut miste livet i ei mopedulykke, og den tredje ulykka var da 8 danske gjeste-  
arbeidarar og flygaren sette livet til i ei flyulykke ved Stord lufthavn.

#### «Offentleg person»

Øyvind Heggland har hatt sentrale rollar i dei ulike krisene, og har prov på dette både i form av takkebrev og på andre måtar. I samband med ulykka på flyplassen var han ein «offentleg person», den som leia samver og minnearrangement, sto fram saman med kolleger i kyrkja og elles.

– Kva skal ein ha med i dette arbeidet?

– Gjennom diakonien har kyrkja ein kompetanse i å være personleg og nær menneske i krise. Å halde ein kontakt med den enkelte. Dei rituelle funksjonar er særst viktige reiskapar i sorgprosessen for. Derfor opplever vi som kyrkjetilsette at vi vert rekna med av dei etterlatte, av arbeidsplass, politi og heile samfunnet når krisa kjem.

Såleis er det viktig at kyrkja sjølv er open for alle, at vi held kontakten med etterlatte, ungdomar, venner og arbeidskolleger, og slik også mobiliserer nettverket rundt dei som er ramma. Vi må ha fast samarbeid med redningstenesta. Vi skal syte for at bæreandakt med syning vert den rituelle høgtid som det skal vera, saman med gravferda. Like viktig i denne samanhengen er å invitere til og halde minnegudsteneste i ettertid, til dømes etter eitt år, sier Øyvind Heggland.


#### Tett på menneska

– Korleis arbeider du med deg sjølv for å klare deg gjennom dei mange inntrykk og opplevingar?

– Å komme tett på andre menneske i sorg og krise rører ved min kjensler og reaksjoner. Gjorde det ikkje det, så ville noko vera feil. Vi skal vandre med dei menneska vi skal hjelpe. At vi sjølve har ekte kjensler og reaksjoner, gjer oss til gode medvandrarar. Slik vert medvandringa nær og ekte.

Det er likevel ikkje lett å svare på korleis desse situasjonane har forma meg som menneske. Men eg opplever alltid det verdifullt å kunne møte medmenneske. Eg opplever kor tynn hinna mellom liv og død er. Eg lærer å vera takksam for livet og ikkje ta livet og kvarandre for gitt.

Dessutan kan ikkje alle diakonar seie som meg; at dei kjenner støtte i kollegiet på kyrkjekontoret. Den støtta og det samholdet vi har her, er eg særst glad for, seier Øyvind Heggland til Diakonos.



## En diakon, uten omtanke for andre

**Jeg vil dele med dere mine erfaringer fra en litt annerledes høst. Jeg er diakon, har jobbet som det i 7 år snart, og kjenner etter hvert svært så godt de forventninger og forpliktelser det fører med seg.**

*Av Liv Adams, soknediakon i Ullern menighet i Oslo.*

Samtidig har dette vært en høst med store utfordringer på hjemmefronten. Positive utfordringer – men mye å takle på en gang.

Etter hvert som høsten skred frem fikk jeg en følelse som et batteri som er på vei til å gi opp, det kværnet saktere og saktere i energilageret... Og det å jobbe som diakon er ikke noe man kan gjøre på bare vilje og gammel vane. Det er en jobb som krever at man har med seg «sjela» Jeg reduserte til 50 prosent jobb. Det holdt i noen dager, og så ble jeg enig med legen at en 100 prosent sykmelding var nødvendig. Nok var nok! Etter noen uker på sofaen – prøvde jeg meg med en gjesteopptreden i menigheten.

Jeg så veldig mye. Jeg så den sørgende jeg skulle ha trøstet. Jeg så besøkeren jeg skulle ha veiledet. Jeg så de frivillige jeg skulle fulgt opp, potensielle nye frivillige jeg kunne rekruttert. Men jeg kunne ikke. Jeg hadde ikke krefter og overskudd, jeg hadde nok med å komme meg gjennom kvelden til jeg kunne få gå hjem.

Jeg konkluderte med at akkurat nå er jeg en diakon uten kapasitet til å ha omtanke for andre!

Tidligere i livet ville jeg tatt dette som et nederlag. For hva er jeg vel hvis jeg ikke kan være noe for andre? Jeg som har «Marta» som passord på dataen?

Men heldigvis har jeg litt mer livserfaring nå, og vet dere? Jeg har ikke dårlig samvittighet! Nå trenger jeg selv min egen omtanke, og det er helt greit!

For hva er en diakon med omtanke for seg selv? En diakon som varer – og som kan komme sterkere tilbake!

Noe å tenke på for flere?